

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - U01	16/1009

Saknr	Utval	Type	Dato
094/2016	Kommunestyret	PS	13.12.2016

Rullering strategisk næringsplan 2017-2020

Vedlegg:

Journalposttittel

strategisk næringsplan 2017 2020

Dato

06.12.2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Strategisk næringsplan for 2017-2020 vert vedteken (slik den ligg føre jf. saksvedlegg).

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ut i frå sist møte i kraftfondstyret av 29.11.2016 legg ein opp til ei enkel rullering av kommunen sin strategiske næringsplan (SNP) som hadde eit fokus for åra 2012-2020,

015/2016: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

29.11.2016 KRAFTFONDSSTYRET

Referatsaker

1. PROTOKOLL FRA EKSTRAORDINÆR GENERALFORSAMLING I BUSINESS REGION BERGEN AS 09.11.2016

Orientering frå rådmannen:

Strategisk Næringsplan for Masfjorden gjeld ut 2016 og ein må starte revidering. I første omgang bør ein forlenge denne planen med eitt år mens ein jobbar med revideringa. Ein kan då be GMU om å gjennomføre revidering av Strategisk Næringsplan for Masfjorden kommune. Ein kan også ta ein revidering av handlingsdelen i planen med å tilføye nye aktuelle område og vedta ny Strategisk Næringsplan for Masfjorden kommune 2017 - 2020. Formannskapet samla seg om siste løysing og bad om sak til kommunestyret i desember.

Framlegg til vedtak vart samråystes vedteke

Høyring

SNP er sendt GMU for uttale 1.des. '16

Aktuelle nye punkt drøfta i kraftfondstyret 29.11.16 var

1. fiber
2. service og næringsbygg
3. datalagring
4. fisk/oppdrett

Saka skal leggjast fram for Kommunestyret 13.12.16, og med utsending av saker den 6.12., og uttalefristen vert kort, og må vere meg i hende innan kl. 15 den 5.desember

Uttale

Når det kjem til innhald i planen, har Gulen og Masfjorden Utvikling følgjande innspel:

Videreføring av punkt under punkt "4 Fokusområde"

4.1. Infrastruktur

- a. Masfjordsambandet
- b. Dekning mobil og breiband (-> fiber)
- c. Utbetring av FV 570

d. Ferdigstille reguleringsplanar for næringsareal i alle delar av kommunen

4.2. Omdømmebygging og marknadsføring

- a. Utarbeide ei heilskapleg tenking i marknadsføringa og omdømmebygging i samarbeid med næringsliv, lag og organisasjoner
- b. Heve kompetansen innanfor omdømmebygging og legge til rette for samarbeid mellom offentlege og private aktørar, mellom anna ved å la private representere kommunen på møter, kurs og samlingar.
- c. Skaffe informasjonsskilt langs vegane (bedriftsnettverket med Arne Berg i spissen)
- d. Administrativ leiing må kunne gje rask og tilstrekkeleg assistanse for å etablere og vidareutvikle verksemd, næringsareal og lokalitetar (bruk av GMU)

4.3. Ungdom kompetanse og utdanning

- a. Bruke konseptet ung entreprenørskap og gjere lærarane meir medvitne på kva behov for kompetanse som trengst hjå bedriftene i kommunen.
- b. Halde kontakten med ungdom –årlege ungdomsmøte der næringslivet er med (GMU har t.d. Spydspiss-arrangementa).
- c. Styrke læringsnivået og breidden i den vidaregåande skulen i regionen. Vidareutvikle kombinerte teoretisk/praktisk studieløp som TAF. Lokalt næringsliv og kommune må tilby hospitering.

4.4. Entreprenørskap og innovasjon

- a. Skape møteplassar til nettverksbygging og bruke Industriutvikling Vest og Nordhordland næringshage aktivt + *Gulen og Masfjorden Næringshage og Gulen og Masfjorden Næringsråd*.
- b. Etablere fleire gründergrupper
- c. Vidareutvikle kraftfondet som eit godt verktøy for etablering og innovasjon.
- d. Arbeide aktivt for å få tilflytting og vidare drift på nedlagde gardsbruk
- e. Vidareutvikle Stordalen som regionalt reiselivsområde.

Nye punkt

- Marknadsføring av eksisterande næringsbygg på Matre og komande næringsbygg på Hosteland
- Undersøkja behov (og mulehitter for) næringsbygg på Sandnes
- Samanheng utvikling av bustadområde og satsing på næringsliv
- Næringsareal på sjø og land
 - o Sjø: Fisk, tare, oppdrett (Masfjorden har gode føresetnadar for å vera endå betre på akvakultur)
 - o Land: Utvikling av området på Haugsvær, betre utnytting av området på Matre.
 - o Marknadsføring av næringsområda: storleik, ledig areal, lokasjon, fasilitetar, infrastruktur, eigna bransjar osb.
 - Infrastruktur og kommunikasjon
 - o Fiber og mobildekning
 - o Transport
 - o Veg
 - Fjellfestivalen

Elles har GMU følgjande innspeil:

Gulen og Masfjorden Utvikling (GMU) sitt føremål er å medverka til auka næringsverksemd i Gulen og Masfjorden kommunar. GMU arbeider både direkte med aktørar, med aktørar gjennom Gulen og Masfjorden Næringsråd, og i tillegg med profilering av tilboda i dei to kommunane, internt og eksternt.

I Gulen og Masfjorden har 3 prosent av verksemldene fleire enn 50 tilsette. 75 prosent har færre enn ti tilsette; 55 prosent 1-4 tilsette. GMU opplever at dei små aktørane er viktige for Masfjorden kommune. Mange vil ikkje finna arbeidsplassar i regionen som har bruk for deira kompetanse. Dermed er det viktig at det er rom for å hjelpe aktørar å starta eigne selskap, og støtta dei som er små med t.d. utviklingstiltak. Sjølv om dei store verksemldene medverkar til mange arbeidsplassar og vil vera meir stabile over tid, vil dei vera betre rusta til å klara utvikling og investering på eiga hand enn dei små aktørane. GMU erfarer at hjelp til dei små aktørane er viktig fordi dei har større behov for finansiering og støtte til å gjennomføra tiltaka.

Vidare opplever GMU at kraftfondet er eit nyttig verkemiddel. Det vert registrert at støtta frå fondet er noko lågare enn ved tilsvarende fond i Gulen. GMU kan ikkje seia noko om samanhengar, men påpeikar at det er fleire etableringar i Gulen kommune. Det er viktig for GMU å ha tilgang på nok informasjon om retningsliner for fondet og kva kommunen ønskjer for å kunna gje god rettleiing.

Næringsareal på Haugsvær

BKK har konsesjon på området. GMU vil oppmoda om at kommunen gjer tiltak for å finna ut kva som vil skje med området på Haugsvær når konsesjonsperioden til BKK er over. Vil BKK søkja om forlenging? Vil området bli disponibelt for andre? Dersom det vert disponibelt, vil GMU sjå det som nyttig å skissera ein plan for kva ein ønskjer å nytta området til, og korleis ein ser føre seg at det kan utviklast.

Havbruk

Masfjorden kommune har god tilgang på sjø, og det føregår mykje viktig arbeid innan havbruk i kommunen. Med mangel på tilgang på næringsområde på land, vurderer GMU at det kan vera høvesmessig å tilretteleggja betre for aktørar som ønskjer å nytta seg av sjøen.

Fakta

Gjeldande SNP gjeld for perioden 2012-16, vart endeleg vedteken sept. 2012, hadde som fokus perioden fram mot 2020. Legg difor opp til forlenging av planen med basis i grunnarbeid lagt til grunn for saka og planen i 2012.

Kvifor næringsplan?

Kommunalt utviklingsarbeid er eit innsatsområde i kommunane. Det er difor viktig for kommunen å tenkja gjennom kva han vil når det gjeld næringsutvikling og tiltaksarbeid. Til dette kan eit planarbeid vera til god hjelp.

Næringslivet i kommunen har ei viktig rolle i alt som har med næringsutvikling og næringssaker å gjera. Det er i verksemldene resultata viser seg. Kommunen er ein hjelpar, pådrivar og tilretteleggjar, og har no i tillegg GMU på dette området. Kommunen skal ikkje driva næringsplanlegging på vegne av næringslivet, men saman med næringslivet. Eit planarbeid som kommunen og næringslivet går saman om, vil difor vera viktig – slik at næringsforumet må vere med i det vidare arbeidet.

Gjennom eit planarbeid har ein større høve til å tenkja langsiktig og vektleggja langsiktige utfordringar. Det er utarbeidd eigne strategiske næringsplanar for Hordaland fylke, BRB etc. Ein eigen kommunal næringsplan vil vera ei viktig utfylling av desse planane.

Masfjorden kommunestyre gjorde i KS sak 50/2010 vedtak om at det skal utarbeidast ein

strategisk næringsplan for Masfjorden kommune.

Kva er strategisk næringsplanlegging?

Strategisk næringsplanlegging er:

- ei arbeidsform/ ein prosess
- eit plandokument/ eit styringsverktøy

Arbeidsforma er kjenneteikna ved brei deltaking (politikarar, administrasjon, næringsliv, organisasjonar o.a.) der dei ulike miljøa og einskildpersonar delta i eit forpliktande samarbeid som likeverdige partar. Arbeidet med sjølvve plandokumentet skal ikkje vera eit mål i seg sjølv, men eit verktøy for å skapa betre samhandling mellom ulike miljø. Å utvikla, vedlikehalda og forsterka denne samhandlinga utgjer mykje av hovudinhaldet i strategiske næringsplanlegging.

Strategisk næringsplanlegging vert gjerne samanlikna med eit orienteringsløp. For at ein orienteringsløpar skal kunna gjera bruk av kart og kompass, må han vita to ting:

- kvar han er (ståstad)
- kvar han skal (målet)

Utan kunnskap om ståstad og mål vil det vera uråd å gjera bevisste og gode vegval. Slik er det også i arbeidet med næringsutvikling. Før ein definerer tiltak og verkemiddel må ein vera samd om korleis situasjonen er og kvar ein vil. Så vel ein vegen vidare.

Kvifor strategisk næringsplanlegging?

Gjennom ein strategisk planprosess fokuserer ein på dei viktigaste utviklingstrekkja og utfordringane innan det området ein planlegg for, slik at ein kan danna heilskapsbilete av framtida og utforma handlingsstrategiar i høve til desse biletene. Viktige element i planprosessen vil difor vera å:

- klargjera no – stoda
- definera mål for framtidig utvikling
- velja strategiar for å nå måla

Føremålet med næringsplanlegginga

er m.a. å:

- styrka næringslivet i kommunen
- få fram kva saker/ tiltak som er viktige for næringslivet og næringsutviklinga
- etablira ein næringspolitikk som politikarar, næringsliv og administrasjonar er samde om
- utvikla eit aktivt samspele/ samarbeid mellom kommune, næringsliv og andre aktørar innan næringsutviklinga

Viktige føresetnader for planarbeidet

- Arbeidet må vera målretta
- Næringslivet må spela ei viktig rolle
- Næringslivet må vera ein likeverdig samarbeidspartner under planarbeidet
- Næringsplanlegginga må vere tverretatleg
- Arbeidet må vera forpliktande

MÅL FOR NÆRINGSUTVIKLINGSARBEIDET

- Auke folketalet i kommunen
- Tilrettelegge for fleire arbeidsplassar
- Eit hovudmål for utviklinga i Masfjorden kommune er å halde oppe livsstandarden på same nivå som i dag. Dette er det politiske målet, og det legg indirekte klare føringar på dei mål som må setjast for næringsutviklinga i kommunen.
- Folketalet ligg i dag ned mot minimumsgrensa for at dei offentlege tilbod som finst i kommunen kan haldast oppe med eit desentralisert mønster som i dag. Masfjorden er svært sårbar for ein eventuell svikt i inntektene i samband med kraftproduksjonen, og endringar i inntektssystemet for kommunane, og for å sikre kommunekassen mot lågare inntekter i åra som kjem, må næringsverksemda styrkast.
- Tilrettelegging av bustadfelt (primært gjennom private aktørar)
- Styrke samferdsel i kommunen – satsing bru over Masfjorden

Vurdering

Det er gjort nokre mindre endringa og korrigeringar i gjeldande SNP for 2012-16, samt med basis i drøfting i sist møte i kraftfondstyret, og spesielt etter gode innspel frå GMU v/dagleg leiar.

Konklusjon

justert SNP tilrår ein vert lagt til grunn som kommunen sin strategiske næringsplan 2017-2020.

Kommunestyret - 094/2016

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort og saka vart drøfta.

Janne Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) sa at Masfjorden FrP har sett på SWOT-analysen i Strategisk Næringsplan for Masfjorden kommune og funne ut at denne innehold direkte feil og manglar. Dei har synleggjort dette og laga ein ny analyse som er sendt til kommunestyret sine medlemmer. Sandnes gjekk gjennom deira framlegg til SWOT-analyse i Strategisk Næringsplan og fremma dette som eit endringsframlegg i plandokumentet.

John Torsvik (H) sa at denne planen har fått for liten gjennomgang i næringslivet. Han har laga nokre forenklingar og samtidig prioritert tiltak frå GMU og eiga erfaring, samt nokre nye ambisjonar og sendt dette til kommunestyret sine medlemmer. Torsvik gjekk gjennom endringane i Strategisk Næringsplan og fremma dette som eit endringsframlegg i plandokumentet.

Egil Kvingedal (V) sett fram følgjande framlegg til vedtak:

Behandling av Strategisk næringsplan vert utsett til handsaminga av arealplanen.

Grunngjeving: Planen bør gjennomgåast då det er kome inn fleire innspel som kan vera med på å

påvirke sjølve utforminga i planen.

Jon Hope (KrF) sette fram følgjande endringsframlegg under punkt 3, SWOT-analysen

3.1 Styrkar - nytt strekpunkt: E39 går gjennom deler av kommunen

3.1 Veikskaper endring i strekpunkt til: Tidkrevjande kommunikasjonar med därlege vegar

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande tilleggspunkt:

Arbeidet med rullering av SNP må starte opp snarest og gjennomførast i 2017

Rådmannen sette fram følgjande nytt framlegg til vedtak:

Strategisk Næringsplan for 2017-2020 vert vedteken (slik den ligg føre jf saksvedlegg) men rullering iløpet av 2017.

Kommunestyret samla seg om nytt vedtak frå rådmannen og at alle framlegga til endring av planen sett fram i møtet, vert lagt inn som innspel til planen.

Framlegg til nytt vedtak frå rådmannen vart samråystes vedteke.

KS - vedtak:

Strategisk næringsplan for 2017-2020 vert vedteken (slik den ligg føre jf. saksvedlegg) med rullering i løpet av 2017.